

## Nynorskpris til ung uskedeling

22.06.2007



Karoline Neset – enda flinkare i bokmål! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Karoline Neset (16, frå Uskedalen) og hennar klassekamerat Ole Jakob Olsen (16, frå Rosendal) fekk ei skikkeleg og gledeleg overrasking under avslutningsfesten for tiande klasse ved Rosendal ungdomsskule onsdag.**

Festtalar Gaute Lund avslutta med å rope dei opp og overrekkja kvar av dei ein gåvesjekk på 500 kroner. Sjekken var Kvinnherad Mållag sin pris for god nynorskbruk i ungdomsskulen.

- Eg vart skikkeleg overraska, eg trudde han las feil, seier Karoline til uskedalen.no- Men du skal vera flink i nynorsk, har vi høyrte..
- Eg likar sidemålet bokmål mykje betre enn hovudmålet nynorsk og er også mykje flinkare til å skriva på bokmål, er det noko overraskande svaret.

Mållaget har delt ut denne prisen kvart år dei siste fem åra og det skjer i eit samarbeid med skulen og norsklærarane. Den går til to flinke elevar i avgangsklassen, opplyser leiar Kristian O. Bringedal.

Av Ola Matti Mathisen